

Øvre Naustdal Utmarkslag

Styremøte tirsdag 29. oktober kl. 19.30

Instedalen skule

MØTEREFERAT

Møtande: Normund Svoen, Arne Dvergsdal, Odd Vonen, Gudmund Eimhjellen, Kjell Klopstad

Saksliste:

1. Orienteringssaker

- a. Status parkeringsplasser inkl. skilting. Brøyting?
- b. Status inntekter parkering Vonavatnet
- c. Status inntekter fiske/båutleige
- d. Status fiskeprosjekt Vonavatnet. Ope orienteringsmøte på nyåret når rapporten er klar?
- e. Status villreinløyve/jakt/felling.
- f. Status "skiløypesaka" i LV området
<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/Nyhende/Tilrading-fra-Miljodirektoratet-i-klagesaka-om-oppkoyring-av-skispor/>
- g. Status løyving av midlar etter søknad 2013
Dialogmidlar – ferdigstilling av parkeringsplasser Øijord og Reinene kr 46000 - . - jfr. elles nettsidene
Næringsfondsmidlar – til fiskeprosjektet Vonavatnet – kr 37500,-
Tiltaksmidlar til parkeringsplassen ved Steinbakken – kr. 13000,-. Avvist søknad om ferdiggjering av brygga.
http://www.nasjonalparkstyre.no/Documents/Naustdal-Gjengedal_dok/Protokollar/2013/Naustdal-Gjengedal%20verneomr%C3%A5destyre%20-%20Protokoll%20styrem%C3%B8te%203-13.pdf

Drøftingar under referatsaker:

- a. Det vert teke kontakt med aktuelt brøytemannskap. Skilting m.a om max akseltrykk på 3500 kg på parkeringsplass ved Vonavatnet.
- b og c. Ordningane fungerer svært bra, og med god innbetaling.
- d. Ope, fiskefagleg møte når rapporten vert lagt fram av «Rådgivende Biologer»
- e. Tildelte dyr vart felt.
- g. Styret oppfordrar Grimset og Vona beitelag om å søkje om midlar til ferdiggjering av brygga. Vonen og Klopstad arbeider vidare med dette.

2. Prioritering av tiltak 2014. Kva bør vi søke om pengar for?

- a. Kartleggingsprosjekt for småvilt med sikte på ein framtidig forvaltningsplan.
- b. Prosjektering av gangbru over Nausta ved utosen.

For begge tiltaka skal det utarbeidast plan med sikte på ekstern finansiering. For tiltak «Gangbru» skal grunneigarar sitt syn avklarast før iverksetjing av planlegging.

3. Ansvar når det gjeld båtane, fiskevestar, bord/benker. Vinterlagring. Ut- og innsetting.
Arne Dvergsdal og Gudmund Eimhjellen har teke det praktiske arbeidet med vinterlagring, og vil syte for utplassering til våren.

4. Nettsidene. Supplering med Facebook gruppe ØNU for medlemmer/andre interesserte for å få informert effektivt om sakene som ligg på nettsidene?
Det vert oppretta ei Facebookgruppe. Svoen opprettar ei gruppe med formål slik som nemnt.

5. Årsmøte 2014. Dato? Vidare samarbeid med Storvaldet?
Styret meiner det er rett og høveleg å ha årsmøtet i samarbeid med Instedalen storvald.
Tidspunkt for årsmøtet 2014 vert sett til *laurdag 1 mars 2014 på Instedalen skule kl 14:00.*

6. Diverse.
Ingen tilkomne saker.

Ref: K.Klopstad

Onsdag, 30. oktober 2013